



Notat

Dato: 05.12.2016
Arkivsak: 2014/15940-7
Saksbehandlar: anifjel

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversendingsforslag til politisk arbeidsgruppe for delegasjonsreglement - frå Misa

I møteprotokollen frå Utval for miljø og samferdsel 01.12.16 er det teke inn følgjande under behandling av RS 106/16 «Endringar etter gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune»

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) på vegner av KrF, SV, A, Sp, V, MDG, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til den politiske arbeidsgruppa for delegasjonsreglementet:

1. «Jf. kommunelova § 32.
Det bør vera utvalsleiar møte før dagsorden/sakliste vert sett eller sakene fordelt og sendt ut, slik at utvalsleiar er med og organiserer utvalsmøta.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet har uttalerett i trafikkisikringssaker.
3. Alle miljøsaker skal leggjast til utval for miljø og samferdsel (MISA), eller alternativt: MISA har eit overordna ansvar for miljøsaker.»

Røysting

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.